



**Ørskog kommune**  
Ørskog interkomm. landbrukskontor

Landbruks- og matdep.	
2006/143	115
11. MAI 2006	MP/SDD
MBB	713

**Det Kongelige landbruks- og matdepartement**

Postboks 8007 Dep

**0030 OSLO**

Dykkar ref:

Vår ref:  
06/00592-3

Saksbeh:  
Toralf Klokkehaug 70 27 29 43

Arkivkode:  
V50 -


Dato:  
11.05.2006

## **FORSLAG TIL ENDRING AV DYREHELSPERSONELLOVEN - VEDTAK I ØRSKOG FORMANNSKAP**

Ørskog formannskap hadde møte den 04.05.2006, sak 075/06 og fatta fylgjande vedtak:

*"Ørskog kommune går mot forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrestell som vil føre til overføring av ansvar til kommunen for dyrehelsepersonell og klinisk veterinærvakt. Staten skal ha det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelseteneste."*

Med helsing  
Ørskog kommune



Toralf Klokkehaug  
Landbrukssjef

Vedlegg:

1 Utskrift av møtebok



## FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15. JUNI 2001 NR. 75 OM VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
075/06	Ørskog formannskap	04.05.06

### Samandrag

Landbruks- og matdepartementet har i brev av 15.02.2006 sendt på høyring eit forslag til endring av "Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell." Lovendringa vil føre til at ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt skal overførast frå staten til kommunane over heile landet.

### Saksdokument

S Forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell

- 1 Høyringsbrev av 25.02.2006
- 2 Høyringsnotat
- 3 Uttale frå den Norske Veterinærforening av 07.03.2006

### Saksopplysningar

Landbruks- og matdepartementet (LMD) er opptekne av at avgjerder som vedkjem tilgang på tenester for brukarane blir forvalta så nær desse som råd. Strukturendringar i landbruket, økonomiske forhold i næringa og betre dyrehelse er nokre av grunnane til at LMD ville sjå nærare på korleis ein kunne opprette ei tilfredsstillande veterinærordning.

Sagelvo- utvalet kom med si innstilling i 2004 med denne konklusjonen:

*"Utvalget mener at de utfordringer en står overfor med hensyn til å få en tilfredsstillende veterinærordning i alle deler av landet best kan løsest ved at tilgang på kliniske veterinærtenester gjøres til et kommunalt ansvar. Utvalget tilrår derfor at kommunene gis ansvar for at det finnes en tilfredsstillende veterinærdekning. Utvalget mener det i den sammenheng vil være nødvendig at også det statlige ansvaret for den kliniske veterinærvakten legges til kommunal sektor".*

Ansvaret for tiltak mot smittsame dyresjukdomar og dyrevernsaker skal framleis vere Mattilsynet sitt ansvar. Dei foreslåtte endringane vil heller ikkje få innverknad for akvakulturnæringa da det her er inngått egne avtaler.

Sagelvo- utvalet foreslår vidare at kommunane skal få stor frihet i korleis dei skal nytte dei tildelte økonomiske ressursane. Kommunane blir i forslaget også oppfordra til å finne interkommunale løysingar for på denne måten å utnytte best mogleg dei økonomiske ressursane.

Vidare vil det vere opp til kommunane å vurdere kva som er ein tilfredsstillande tilgang på veterinærtenester.

LMD meiner at når kommunane får slikt ansvar, vil dei lokale behova bli løst på ein god måte ut frå lokale tilhøve.

## SIDE 2

### **Forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell**

LMD foreslår også at det ikkje lenger vert lovfesta heimel til å pålegge veterinærer plikt til å delta i ei vaktordning. Det er forslag om ein ny § 3 a der kommunane skal ha ansvaret for tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell.

I høyringsdokumentet kjem ein også inn på ulike økonomiske sider med omlegginga. Her vil kommunen få kostnader med administrasjon av ordinære tenester/vakttjenester og lønskostnader. Regjeringa har ein ambisjon om at alle nye oppgåver som kommunane får tillagt skal vere fullfinansierte. Overføringane vil truleg bli øyremerka dei første åra, men seinare overført som ein del av ein større sekkepost.

#### **Vurdering**

Dette lovendringsframlegget reiser mange viktige spørsmål, men det er spesielt to moment som ein må vere merksam på i denne saka.

For det første får kommunane svært stor frihet når det gjeld organisering av tenestene. Det blir altså opp til kommunane å vurdere kor store stillingar ein skal ha, og korleis arbeidet skal organiserast. Dette kan høyrest fint ut, men vi veit at mange kommunar slit med mangel på personell og økonomi for å kunne drive forsvarleg innan andre viktige pålagte oppgåver.

Ørskog kommune ser faren for at veterinærtilbodet blir dårlegare etter det nye forslaget til lovendring når prioriteringa skal skje mellom andre svært viktige kommunale oppgåver. Ei god dyrehelse for heile landet kan best sikrast gjennom sentrale ordningar som også best ivaretek prinsippet om likebehandling.

Eit anna spørsmål som er usikkert i lovforslaget, er den økonomiske kompensasjonen som kommunane får ved å overta ordninga. Dette er altfor dårleg førebudd og utgreidd i saka. Her må ein legge opp til ordningar som er meir forutsigbare enn i høyringsnotatet.

#### **Rådmannen legg saka fram med slik**

##### **Innstilling:**

Ørskog kommune går mot forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrestell som vil føre til overføring av ansvar til kommunen for dyrehelsepersonell og klinisk veterinærvakt inntil det er avklart kva som vert den økonomiske kompensasjonen til kommunen i høve til kostnaden.

#### **BEHANDLING I Ørskog formannskap - 04.05.2006:**

Ingunn Vaksvik sette fram følgjande forslag:

*"Ørskog kommune går mot forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrestell som vil føre til overføring av ansvar til kommunen for dyrehelsepersonell og klinisk veterinærvakt. Staten skal ha det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelseteneste".*

Det vart røysta alternativt over innstillinga og framlegget frå Ingunn Vaksvik. Framlegget frå Ingunn Vaksvik vart samrøystes vedteke.

#### **VEDTAK I Ørskog formannskap - 04.05.2006:**

Ørskog kommune går mot forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrestell som vil føre til overføring av ansvar til kommunen for dyrehelsepersonell og klinisk veterinærvakt. Staten skal ha det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelseteneste